

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

Silja Ekeland Bjørkly (V) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Festspillene i Bergen. Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er ordførar i representantskapet i Festspillene i Bergen.

Pål Kårbø stilte spørsmål om han var inhabil då han er vara for Hestetun i representantskapet i Festspillene i Bergen. Han hadde møtt som vara.

Bjørkly, Hestetun og Kårbø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Roald Kvamme vart vald til å leia møtet.

Det var 12 representantar tilstades.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Silja Ekeland Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e), og at Anne Gine Hestetun og Pål Kårbø ikkje var inhabile.

Silja Ekeland Bjørkly gjekk frå under behandlinga av saka.

Anne Gine Hestetun og Pål Kårbø tiltredde saksbehandlinga. Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til vedtak i KIRU til sak RS 48/18.

Fylkesutvalet vil sterkt støtte fråsegna frå Festspillene i Bergen (FIB) og Festspillene i Nord–Norge (FINN), i brev datert 22.05.18 til Norsk kulturråd. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er, lik dei to nasjonale institusjonane, bekymra for desse institusjonane si langsiktige drift om ikkje dagens tilskotsordning vert endra eller innretta i samsvar med argumentasjonen til FIB og FINN.»